



Byggmester Markhus AS  
Kokstaddalen 6  
5257 KOKSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2340 - 19/3510

Saksbehandlar:  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
21.02.2019

## Godkjenning - Igangsettingsløyve for oppføring av butikk og endringsløyve for byggets høgde - gbnr 10/85 Holme

**Administrativt vedtak. Saknr: 34/2019**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt igangsettingsløyve for heile tiltaket – riving av eksisterande bygg og oppføring av ny forretningsbygg/butikk på Gbnr 10/85 med parkering på gbnr 10/157 på Holme.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak DS 270/2018, dagsett 17.10.2018.

Det er søkt om endring av tiltaket i samsvar med teikningar motteke 28.12.2018. Gesimskote på høgaste del av bygget er +41,0 og er i samsvar med reguleringsplanen. Stor del av bygget er vist med gesimskote på +38,0.

---

#### Postadresse





postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



Endringar - senking av kotehøgde på store delar av bygget medfører ingen endring av tidligare opplyst bebygd areal (BYA) på 1499 m<sup>2</sup> og samla bruksareal (BRA) på 1909,5 m<sup>2</sup> fordelt med 1460,9 m<sup>2</sup> på 1.etasje og 448,6 m<sup>2</sup> på 2.etasje.

Det er i tillegg søkt om tilkopling av bygg til kommunalt VA-anlegget i søknaden motteke 18.01.2019.

#### **VURDERING:**

##### Planstatus:

Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplanen.

##### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf pbl § 21- 3 . Søknad om igangsettingsløyve inneheld endringar av slik karakter at det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling. Delar av bygget er lågare enn tidlegare omsøkt og godkjent i rammeløyve av 17.10.2018.

##### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast om vist på situasjonskart motteke 28.12.18. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4. Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

Andre instansar:

Det ligg føre vedtak frå arbeidstilsynet med samtykkje til planane, datert 14.02.19.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 3, dagsett motteke 19.02.19, vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl kapittel 23.

Avfall:

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Det skal leverast inn kopi av avfallsrapport for tiltaket før det kan gjevast ferdigattest.

Ferdigstilling:

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket for riving av eksisterande bygg og oppføring av nytt forretningsbygg/butikk på gbnr 10/85 med parkering på gbnr 10/157 på Holme i samsvar med søknad med vedlegg motteke 28.12.18 og tilleggsopplysningar motteke 18.02.19 og 19.02.19 på følgjande vilkår:*

- *Vilkår frå arbeidstilsynet skal fyljast opp.*
- *Regulerte rekkjefølgjekrav må vere oppfylt før det kan søkjast om mellombels bruksløyve/ferdigattest.*
- *Kopi av avfallsrapport skal sendast inn seinast saman med søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.*

*Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 19.02.19, jf pbl § 23-3.*

*Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.*

*Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.*

*Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:*

*-Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*

-Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.  
-Tilknytning skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering for tilkopling. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført, og seinast samstundes med søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.  
-Det skal installerast vassmålar i næringsbygget. Dokumentasjon på at dette er gjort må sendast kommunen seinast samstundes med søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.  
-Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- + mva (totalt kr 50 000,-).»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggjesaksansvarleg

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

G-1 Gjennomføringsplan\_v04\_sign  
G-2 Erklæring om ansvarsrett\_Markhus  
G-2 Erklæring om ansvarsrett\_Markhus\_sign  
G-3 Erklæring om ansvarsrett\_Konsepta\_sign  
G-4 Erklæring om ansvarsrett\_ASTAB\_sign  
G-5 Erklæring om ansvarsrett\_Bjarte Fyllingen\_sign  
G-6 Erklæring om ansvarsrett\_LindåsVVS\_sign  
Søknad om nytt sanitærabonnement GBNR 10/85  
D4 -Kart  
Søknad om igangsettingstillatelse - GBNR 10/85 Holme

**Mottakarar:**

**Mottakrar:**

Byggmester Markhus AS

Kokstaddalen 6

5257

KOKSTAD